



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

## Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd, torsdag 26. august 2021

Stad: Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Kristin Alfstad, Margrete Myrvold Hegge, Eirik Bråten, Jostein Sørengen, Ingrid Stalenget  
Ikkje møtt: Isak Ledel, Ingeborg Aastveit

For kommunen: Øystein Skattebu

### **Infosaker:**

#### **Info om søknad om opningsarrangement – avslag på søknad**

Arbeidet med uteområdet ved Gapahuken skal etter planen starte opp i løpet av kort tid, med ferdigstilling i hausten 2021. Ungdomsklubbungdom og ungdomskonsulenten har jobba litt med planlegging av eit opningsarrangement, for å markere ferdigstillinga av klubbområdet.

Ungdomane har ytra ynskje om eit opningsarrangement hausten 21/våren 22, i form av ein konsertkveld i amfiet med unge lokale artistar og ein nasjonal kjend artist med ungdomsappell. Det er henta inn kostnadsoverslag på konkrete artistar det har kome ynskje om. Kostnaden ved eit slik arrangement vil ligge på 120-150 000kr. Utgiftene er i hovudsak leige av lyd/lys og artisthonorar. Det er kalkulert med 30 000 i eigenkapital, 40 000 i billettinntekter. Resten må dekkast inn gjennom anna stønad.

På grunnlag av dette, søkte ungdomskonsulenten Sparebankstiftelsen i Øystre Slidre om midlar til å dekke halve kostnaden ved arrangementet. Denne søknaden har me no fått avslag på. Det vert difor jobba med å få til ei mindre opning, innfor dei økonomiske rammene me har på klubben og med eit meir lokalt preg.

## Sak 9/21 Nytt ungdomsråd 2021/2022

### **Bakgrunn:**

Det skal veljast nytt ungdomsråd, med virke frå 1.oktober 2021. Det nye ungdomsrådet skal etter nye føringar godkjennast av kommunestyret. Saka vil truleg bli lagt fram for kommunestyret 23.september. Det er framleis litt uklart korleis innspel til representantar og sakshandsaming skal gå føre seg etter dei nye føringane, men dette er eit spørsmål ungdomskonsulenten tek opp administrativt.

Lag og organisasjoner som representerer ungdom skal kunne koma med innspel til representantar.

### **Behandling:**

Frå dagens ungdomsråd vil Isak Ledel, Ingeborg Aastveit og Margrete Myrvold Hegge gå frå sine verv etter 31.september.

Kristin Alfstad, , Eirik Bråten, Jostein Sørengen, Ingrid Stalenget ynskjer å halde fram også neste år.

Ungdomsrådet kom med forslag til nye kandidatar til nytt ungdomsråd. Ungdomskonsulenten vil forhøyre seg med desse om dei ynskjer å vere med.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

**Sak 10/21**

## **Høyring – ungdomskulturfeltet**

### **Bakgrunn:**

Ungdomsrådet er bedne om å koma med høyringsinnspel til plan for Ungdomskulturfellet (Ung kultur) i Innlandet fylkeskommune. Høyringssvaret vert sendt vidare til kulturnettverket i Valdres, som skal samordne innspela frå regionen vår.

### **Behandling:**

Ungdomsrådet drøfta planen i møtet 26.august 2021, og kjem med følgjande merknadar til høyringsdokumentet:

*Ungdomsrådet i Øystre Slidre tykkjer det er flott at kultatkortordninga kjem på plass i heile innlandet, og at planane for ein applikasjon som samlar og synleggjer kulturtildeling er gode.*

*Ung i Valdres er eit viktig tilbod for ungdom i Valdres. Det er viktig for oss at ordninga vert vidareført med forutsigbare rammevilkår.*

*Elles har ikkje ungdomsrådet andre innspel til planen.*

*Skrivar*

*Øystein Skattebu*